



VANG KOMMUNE
Tyinvegen 5161
2975 VANG I VALDRES

Saksbehandlar, innvalstelefon
Stig Skjeflo, 62 55 13 59

Varsel om tilsyn med kommunal beredskapsplikt - inkludert helseberedskap - Vang kommune

Statsforvaltaren i Innlandet vil med dette varsle at det vil bli gjennomført samordna tilsyn med kommunal beredskapsplikt og helseberedskap den **20. november 2024**.

Tilsynet har heimel i lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Siviltforsvaret § 29, forskrift om kommunal beredskapsplikt § 10, Lov om statlig tilsyn med helse- og omsorgstjenesten m.m. § 2, jf. lov om helsemessig og sosial beredskap § 2-1.

Tema for tilsynet

Tema for tilsynet er Vang kommune si oppfylging av pliktene etter §§ 14 og 15 i sivilbeskyttelsesloven, forskrift om kommunal beredskapsplikt, samt helseberedskapsloven § 2-2 første ledd, jf. lov om folkehelsearbeid § 28, andre ledd, forskrift om krav til beredskapsplanlegging og beredskapsarbeid mv., folkehelseloven § 27 og smittevernloven § 7-1 og § 7-2.

Hovudfokuset vil vera om beredskapsplanlegginga til kommunen er i tråd med krava i lov og forskrift, og Statsforvaltaren vil undersøka følgjande:

Tema 1: Vang kommune har beredskapsplanverk som etterlever krav i lov og forskrift. Dette er avgrensa til:

- Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse).
- Plan for oppfølging av heilskapleg ROS-analyse.
- Overordna beredskapsplan.
- ROS-analyser for helse- og omsorgstenestene, miljøretta helsevern og smittevern.
- Ein plan for helse- og omsorgstenestene, miljøretta helsevern og smittevern.

Tema 2: Vang kommune har system for å sikra handteringsevne, kvalitet og læring i beredskapsorganisasjonen. Dette er avgrensa til:

- Eit system for opplæring av tilsette som har ei rolle i krisehandteringa frå kommunen.



- Gjennomført øvingar.
- Evaluert øvingar og uønskete hendingar.

Deltaking

Frå Statsforvaltaren møter seniorrådgivar Stig Skjeflo (revisjonsleiar) ass. fylkeslege Bente Westrum (revisor).

Vi ber om at følgjande møte frå kommunen:

- Ordførar
- Kommunedirektør
- Beredskapsleiar/-koordinator
- Informasjonsansvarleg
- Kommunalsjef eller tilsvarande med ansvar for kommuneplan
- Kommunalsjef med ansvar for helse og omsorg
- Kommunelege
- Leiar for heimetenesta
- Ein Sjukepleiar i turnus på døgninstitusjon
- Eventuelt andre som er sentrale i arbeidet med heilskapleg ROS-analyse eller beredskapsplan.

Dokumentasjon

Vi ber kommunen sende følgjande dokumentasjon til Statsforvaltaren innan **23. oktober 2024**:

- Heilskapleg risiko- og sårbarheits analyse (ROS-analyse) (med alle vedlegg)
- Dokumentasjon på handsaming av heilskapleg ROS-analyse i kommunestyret
- Invitasjon til eksterne aktørar om deltaking i arbeidet med heilskapleg ROS-analyse
- Langsiktige mål, strategiar og prioriteringar for samfunnstryggleik- og beredskapsarbeidet i kommunen.
- Plan for oppfølging av samfunnstryggleik og beredskap i kommunen, og dokumentasjon på at planen er følgd opp gjennom tiltak (til dømes i økonomiplan eller andre dokumenter)
- Overordna beredskapsplan (med alle vedlegg og delplanar)
- Delegasjonsreglementet til Lom kommune
- ROS-analyser for helse- og omsorgstjenestene, miljørettet helsevern og smittevern.
- Plan for helsemessig og sosial beredskap, miljø retta helsevern og smittevernplan, inkludert pandemiplan og anna relevant planverk
- Dokumentasjon på fastsetjing av plan for helsemessig og sosial beredskap i kommunestyret
- Samfunnsdelen av gjeldande kommuneplan
- Kommunens planstrategi
- Evalueringsrapportar frå uønskete hendingar i kommunen som har skjedd etter sist tilsyn, og dokumentasjon på system/prosedyrar for å følgja opp slike hendingar
- Evalueringsrapportar frå øvingar som er gjennomførte etter siste tilsyn
- Eventuelle rapportar frå kommunens eigenkontroll av samfunnstryggleik og beredskap
- Kommunens årsrapport
- Organisasjonskart for kommunen
- Namn og stilling på personar som kommunen meiner er aktuelle for intervju, sjå lista overfor



Dokumentasjonen kan gjerne sendast elektronisk. Kontaktinformasjon er nedanfor. Dersom einskilde dokumenter eller delar av eit dokument er unntatt offentleg innsyn, ønskjer vi å bli varsla om dette.

Rammer for tilsynet

Sjølve tilsynet blir så langt det høver gjennomført etter systemrevisjonsmetoden i tråd med Leiglending for Statsforvaltarens tilsyn med kommunal beredskapsplikt (DSB, 2015). Først går vi gjennom dokumentasjonen frå kommunen. På tilsynsdagen **20. november** er det opningsmøte og individuelle intervju. Sluttmøtet (ca. 45- 60 min.) ønskjer vi **27. november kl. 09.00**. Sluttmøtet arrangerast digitalt i Teams. Etter tilsynet lagar Statsforvaltaren ein rapport med eventuelle avvik frå lov- og forskriftskrava.

Praktisk informasjon

Om dagane for tilsyn ikkje passar, ber vi kommunen ta kontakt så snart som mogleg. Vi ber òg om at kommunen peiker ut ein kontaktperson for tilsynet.

Etter at vi har sett på grunnlagsmaterialet for tilsynet vil vi komme att med detaljert program og tidsplan for tilsynet. Vi reknar med at kommunen stiller lokalar til disposisjon for opningsmøte og intervju.

Eventuelle spørsmål kan rettast til revisjonsleiar Stig Skjeflo, fmhestsk@statsforvaltaren.no, telefon 62 55 13 59 / 924 27 618.

Med helsing

Harald Vallgård (e.f.)
fylkeslege

Asbjørn Lund
fylkesberedskapssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent